

# Avtale

Samarbeid mellom kommunale tenester,  
personar med utviklingshemming, tenester for  
PU og tannhelsetenesta i Hordaland

Psykisk utviklingshemma over 18 år i og utanfor institusjon.



”Tenner for livet”



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

Avtalen er utarbeid i samarbeid mellom



# Samarbeid mellom kommunale tenester, personar med utviklingshemming og tannhelsetenesta i Hordaland

I tannhelsetenesta i Hordaland sitt arbeid for å gje tannhelsetilbod til prioriterte grupper og rusmisbrukarar, er det særleg tilbodet til personar under 3 år, personar med utviklingshemming, eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon og heimesjukepleie og rusmisbrukarar at tannhelsetenesta har behov for samarbeid med kommunehelsetenesta/sosialtenesta for å kunna nå desse med behandlingstilbod.

For å kunna ivareta lovkrav og helsepolitiske mål er forpliktande samarbeid mellom forvaltningsnivåa nødvendig.

I den samanheng viser ein til Tannhelsetenestelova § 1-3, 1.ledd bokstav b, som heimlar dei prioriterte gruppene sin rett til gratis tannhelsehjelp.

I Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m.§ 1-1 nummer 5 står det at formål med lova er å sikre samhandling og at tenestetilbodet blir tilgjengeleg for pasient og brukar, samt sikre at tilbodet er tilpassa den enkelte sitt behov.

Vidare i § 3-1 fyrste ledd står det at kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen blir tilbudt nødvendige helse- og omsorgstenester. § 3-4, pålegg kommunane ei plikt til samhandling og samarbeid. M.a. skal kommunen samarbeide med fylkeskommune, regionalt føretak og stat sånn at helsetenestene i landet best mogleg kan verke som ei eining.

Eit godt tilbod er avhengig av eit nært og forpliktande samarbeid mellom fylkeskommunale og kommunale tenester. Samarbeidet kan best sikrast gjennom skriftlege avtalar mellom partane der ansvar og oppgåver er tydleg fordelt og definert.

Både den fylkeskommunale tannhelsetenesta og den kommunale helse-, sosial- og omsorgstenesta har ansvar for at personar som er definert i målgruppa får eit tilfredsstillande tannhelsetilbod.

# Mål for tannhelsetenesta i Hordaland sitt tilbod

**Målgruppa:** Psykisk utviklingshemma over 18 år i og utanfor institusjon.

**Mål:** Fremja god helse, førebygga tannsjukdommar og gje nødvendig tannhelsehjelp.

**Delmål:** Oppretthalda ei akseptabel oral helse.

## Dette inneber at brukaren :

- ikkje har smerte, ubehag eller alvorlege lidingar i munnhola
- har (utifrå pasienten sin helsestilstand) tilfredsstillande tyggefunksjon
- kan kommunisera og ha sosial omgang utan problem der dette skuldast tennene

*Kjelde: Staten helsetilsyn, 1999*

- Sikra at personar med psykisk utviklingshemming, i og utanfor institusjon får tilbod om gratis tannhelseteneste.
- Etablera gode samarbeidsformer mellom kommunehelsetenesta / tenesta for PU og tannhelsetenesta i Hordaland.
- Kvalitetssikra tannhelseinformasjonen slik at brukar får eit heilskapleg budskap tilpassa eige nivå og behov.
- Kommunehelsetenesta, tenesta for PU og tannhelsetenesta skal leggja tilrette for at brukaren får ivareteke si tannhelse.
- Setja i verk helsefremjande og førebyggande tiltak.

**Kommunehelsetenesta, tenesta for PU og tannhelsetenesta har ulik organisering og er for-ankra på forskjellige forvaltningsnivå. Det betyr samarbeid på tvers av sektor og tenestegrense.**

**Arbeidet på tvers av sektorane blir i hovudsak styrt / regulert av følgjande regelverk:**

## Lover og regelverk

### **Lov om tannhelsetjenesten. LOV-1983-06-03-54**

§ 1-3, 1. ledd bokstav b. Psykisk utviklingshemmede i og utenfor institusjon..

### **Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. LOV-2011-06-24-30**

§ 1-1 Lovens formål

§ 1-2 Lovens virkeområde

§ 2-1 Forholdet til helsepersonelloven

§ 3-1 Kommunens overordnede ansvar for helse- og omsorgstjenester

§ 3-2 Kommunens ansvar for helse- og omsorgstjenester

§ 3-3 Helsefremmende og førebyggende arbeid

§ 3-4 Kommunens plikt til samhandling og samarbeid

§ 4-1 Forsvarlighet.

§ 7-1 Individuell plan.

### **Lov om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten m.m. LOV-1984-03-30-15**

§ 3 Plikt til å opprette internkontrollsystem og tilsyn med at det føres internkontroll.

### **Lov om pasient- og brukerrettigheter. LOV-1999-07-02-63**

Kap. 2 Rett til helse- og omsorgstjenester og transport.

Kap. 3 Rett til medvirkning og informasjon.

Kap. 4 Samtykke til helsehjelp.

Kap. 4A Helsehjelp til pasienter uten samtykkekompetanse som motsetter seg helsehjelpen mv.

Kap. 5 Rett til journalinnsyn.

### **Lov om helsepersonell m.v. LOV-1999-07-02-64**

§ 21 Hovedregel om taushetsplikt

§ 21a. Forbud mot urettmessig tilegnelse av taushetsbelagte opplysninger

§ 25 Opplysninger til samarbeidende personell

### **Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker. LOV 1967-02-10 nr 00**

§13 Taushetsplikt

### **Lov om folkehelsearbeid. LOV 2011-06-24 nr 29**

Kap. 2 Kommunens ansvar

Kap. 4 Fylkeskommunens ansvar

# Samarbeidsavtale mellom kommunehelsetenesta / tenesta for PU og tannhelsetenesta i Hordaland.

.....*Meland*.....kommune

## Målgruppa:

**Psykisk utviklingshemma over 18 år i og utanfor institusjon.**

## Kommunehelsetenesta / tenesta for PU sitt ansvar:

- 1 Delta på årlege samarbeidsmøte mellom tenesta for PU og tannhelsetenesta i Hordaland.
- 2 Informera brukarane i målgruppa om tilbod om gratis tannhelsetenesta og innhenta samtykke. Samtykkeerklæring skal leverast tannhelsetenesta. Likeeins må tannhelsetenesta få tal på kor mange som har takka nei til tilbodet. Ein må her vere merksam på om pasienten har samtykkekompetanse. Ein pasient har ikkje samtykkekompetanse dersom det er openbart at han ikkje er i stand til å forstå konsekvensane av samtykket og heller ikkje klarer å ta ei avgjerd ut i frå informasjonen han blir gitt. Dette vil variera frå sak til sak og må vurderast individuelt ut i frå ei konkret heilskapleg vurdering.
- 3 Etablere eit system der brukaren får ivareteke sin daglege munnhygiene og får nødvendig tannbehandling. Tannhelse må inngå i pasienten sin individuelle plan.
- 4 God samhandling og kommunikasjon med tannhelsetenesta i Hordaland. Kvar avdeling har ein kontaktperson som er ansvarleg for samarbeidet med den lokale tannhelsetenesta.
- 5 Samarbeida med tannhelsetenesta i Hordaland slik at dei kan bidra med nødvendig opplæring til omsorgspersonellet. Sikre at munn og tannstell inngår i kommunens opplæringsplan og at omsorgspersonell har nødvendig kunnskap til å ivareta den enkelte brukar si orale helse.
- 6 Gode prosedyrar når brukaren skal til tannklinikken, sikre at tannhelsetenesta får rett informasjon om helsetilstand og medikamentbruk og på den måten bidra til at brukaren får rett tannbehandling med god kvalitet.

## Tannhelsetenesta i Hordaland sitt ansvar:

- 1** Innkalla til forpliktande samarbeidsmøte mellom tenesta for PU og tannhelsetenesta i Hordaland og skriva referat frå møta.  
(skriftleg innkalling med sakslista)
- 2** Sikra at brukaren får nødvendig undersøking, diagnostikk og tannbehandling ut i frå sin helsetilstand.
- 3** Vera merksam på om pasienten har samtykkekompetanse.  
Ein pasient har ikkje samtykkekompetanse dersom det er openbart at han ikkje er i stand til å forstå konsekvensane av samtykket og heller ikkje klarer å ta ei avgjerd ut i frå informasjonen han blir gitt. Dette vil variere frå sak til sak og må vurderast individuelt ut i frå ei konkret heilskapleg vurdering.
- 4** God samhandling og kommunikasjon med teneste for PU. Tannhelsetenesta har ein kontaktperson som er ansvarleg for samarbeidet.
- 5** Gje opplæring/informasjon til teneste for PU om dei til kvar tid gjeldande anbefalingane for god oral helse/tannhelse etter kommunen sin opplæringsplan.
- 6** Gje tilbakemelding om nødvendige munnpleietiltak.

# Avtale tilpassing

Denne sida kan nyttast dersom ein ynskjer endringar eller tilpassingar i avtalen.





HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

**Avtalen må reviderast ved endring i lovverket, organisering og anna som er avgjerande for samarbeidet. Avtalen må gjennomgåast årleg og skal gjelda fram til ny avtale blir utarbeidt og teken i bruk.**

For kommunehelsetenesta /  
teneste for PU

Tannhelsetenesta  
i Hordaland

Dato: 16/10-18.

Dato: 17/10-18

Namn: Britt Ramachem

Namn: Hege Mørch Fosse

# Tilbod om gratis tannbehandling

## Informasjon til brukarar:

### PSYKISK UTVIKLINGSHEMMA OVER 18 ÅR I OG UTAFOR INSTITUSJON

Alle som er psykisk utviklingshemma over 18 år i og utanfor institusjon har rett på gratis tannbehandling hjå tannhelsetenesta i Hordaland.

Fylkeskommunen dekker delar av pasienten sine reiseutgifter og fylgjer NAV sine reglar for reisedekning.

### Ta kontakt med tannhelsetenesta i Hordaland dersom du:

- vil ha undersøkt tennene dine
- trur du har hol i tennene
- har problem med reinhald av tennene
- blør i tannkjøtet
- har ”for store protesar”
- har andre spørsmål om tannhelsa

### - me vil hjelpa deg med dette

Tannlege/tannpleiar vil i samråd med deg, pårørande og tenesta for PU avgjera kva behandling du treng. Pårørande eller tenesta for PU vil også hjelpa til med å ta kontakt med tannklinikken dersom det er nødvendig.

**Velkommen til oss !!!!!**

**Helsing tannklinikken**

# SAMTYKKEERKLÆRING

Du / verje har fått informasjon om at du har rett på gratis tannbehandling hjå Den offentlege tannhelsetenesta. Dersom du ynskjer å nytta tilbodet må tannklinikken få melding om dette

Kryss av:

**Eg ynskjer tilbod om tannbehandling.  
Eg samtykker i at tannhelsetenesta får informasjon  
om min helsetilstand og eventuelt medisinbruk som  
har innverknad på tannhelsa og tannbehandling**

**Eg ynskjer ikkje tilbod om tannbehandling**

Dersom du ikkje ynskjer tilbod om tannbehandling no, men vil ta imot tilbodet ved seinare høve, må du då skriva under ny samtykkeerklæring og levera den til tannklinikken.

**Namn:** \_\_\_\_\_

**Fødselsdato:** \_\_\_\_\_

**Telefon:** \_\_\_\_\_

**Adresse:** \_\_\_\_\_

**Dato:** \_\_\_\_\_

**Underskrift:** \_\_\_\_\_

Dersom brukaren seier ja, ber vi at personellet fyller ut:

**Tenesteområde / avdeling:**

\_\_\_\_\_

**Kontaktperson:** \_\_\_\_\_

**Telefon til tenesteområde :** \_\_\_\_\_





HORDALAND  
FYLKESKommune

---

Den offentlege tannhelsetenesta